

Museum Vest  
NordsjøfartmuseetDato: 02.10.2016  
Vår ref.: 2016/3392-32  
Saksbehandlar: Bjørg Larsen  
Dykkar ref.:

## Nordsjøfartmuseet - tilsegn om tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar 2016

Vi viser til søknad om tilskot til nemnde kulturbygg.

Ved fordeling av tilskot vart søknaden imøtekomen med eit tilskot på **kr 200 000,-**.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, vedtok tildeling den 14.9.2016 (sak 109/16). Ved tildelinga for 2016 var det kr 8 119 079,- til fordeling. Det kom inn 11 søknadar innan fristen.

Ved avgjerda av dykkar sak har utvalet til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Sjå link til protokoll:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=7672&caseType=Protokoll&registryEntryId=224211>

Prosjektet skal gjennomførast i samsvar med prosjektgrunnlag og plan for kostnader og finansiering, og i samsvar med vilkåra for tildeling i retningslinene (sjå link) <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-kulturbygg-med-regionale-funksjonar/>

Generelle retningslinjer for utbetaling av løyvd tilskot:

1. Det kan søkjast om delutbetaling etter framdrift og likviditetsbehov. Søknad om delutbetaling må innehalde ein statusrapport om framdrift av arbeidet
2. Løyvd tilskot skal i hovudsak nyttast i tildelingsåret. Tilskot som ikkje vert teke ut innan 2 år etter at tilsegn er gjeve, det vil seie datoen på tilsegnsbrevet, vert inndrege.
3. Sluttutbetaling skjer etter at sluttrapport, ferdigattest og revidert rekneskap er sendt inn. Inntil revidert rekneskap og sluttrapport ligg føre, skal Hordaland fylkeskommune halde attende minst 10% av tilskotet. Sluttrapport må vise at anlegget er fullført i samsvar med godkjende planar.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Kulturdepartementet er klageinstans for vedtak knytt til spelemidlar løyvd gjennom desentralisert ordning for kulturbygg. Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsak til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
Konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar  
leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*